



Byggmester Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2449 - 16/22302

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

23.11.2016

Godkjenning - utslepp frå ein tomannsbustad GBNR 36/108

Administrativt vedtak. Saknr: 388/2016

Saksutgreiing:

I samband med søknad om oppføring av ein tomannsbustad på eigedomen gbnr 36/108 på Ådland, er det i søknad, journalført 30.09.2016, og supplerande dokumentasjon, journalført 22.11.2016, søkt om utslepp. Utsleppet skal gå via ein 7m³ slamavskjiljar og derfrå i tett leidning til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går ut i sjø (Radfjorden). Det ligg føre naudsynt erklæring frå eigar av den private avlaupsleidningen som gjev eigedomen gbnr 36/108 rett til dette.

Det ligg også føre erklæring frå eigar av gbnr 36/3 som gjev eigedomen gbnr 36/108 rett til å leggja leidningar over privat grunn.

Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt, er etter administrasjonen si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Eigedomen vert tilknytt kommunal slamtømmeordning med slamtømming kvart 2. år.

Plan:

Eigedomen gbnr 36/108 ligg innanfor LNF-spreidd bustadområde i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla 22.10.2016. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, journalført 30.09.2016.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er erklært ansvarsrett frå følgjande føretak:

Føretak	Godkjeningsområde
Lindås VVS N.T AS Org.nr.915 836 445 Sentral godkjenning	PRO, UTF – innvendig og utvendig rørarbeid (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av for urensing» sin § 12-5, utsleppsløve frå ein tomannsbustad, 10 pe, på eigedomen gbnr 36/108, i samsvar med søknad journalført 30.09.2016 og supplerande dokumentasjon, journalført 22.11.2016, og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 7m³ av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømme frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar , jf vurderinga ovanfor.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utslepp 36-108

Kopi til:

Egil Gripsgård
Lindås VVS NT AS

PB 42

5951

LINDÅS

Mottakere:

Byggmester Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN